

Stord kommune
Postboks 304
5402 Stord

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 Bergen

Dato: 04.05.2016

Økonomisk støtte til flyruta Stord-Oslo-Stord

Visar til eigarmøte på Stord lufthamn 26. april d.å.

Flyselskapet Danish Air Transport AS er operatør på Osloruta. Flyselskapet nyttar flytypen ATR-42 med 46 passasjerseater og flyg ruta for eiga økonomisk risiko. Flyselskapet flyg i dag 12 rundturar på denne ruta.

Pr. veke 17 i år har passasjertalet vorte redusert frå 13.840 til 9.232 samanlikna med samme periode i fjor. Dette utgjer ein reduksjon i passasjertal på 4.608. Kabinfaktoren er redusert frå 66,7% til 52,1% samanlikna med samme periode i fjor.

På bakgrunn av dei låge passasjertala tapar no flyselskapet pengar på Osloruta.


Lufthamnselskapet mottok i perioden 2016-2020 eit årleg tilskot frå staten på kr 19.700.000 til drift av Stord lufthamn og AFIS-tenesta (tårntenesta). Dette beløpet kan ikkje nyttast til kjøp av flytenester. Ein føresetnad for at lufthamnselskapet skal motta statsstøtte er at ein har faste flyruter på lufthamna.

For å sikra flyruta Stord-Oslo-Stord i 2016 ber ein om at Stord kommune og Hordaland fylkeskommune vurderar å bidra med økonomisk støtte til flyoperatøren Danish Air Transport AS pålydande kr 1.000.000. Støtta bør fordelast over 2 utbetalingar. Fyrste utbetaling i juni og siste utbetaling i november 2016.


Vi forventar ein trafikkauke på Osloruta i 2017 og 2018 grunna fleire offshoreoppdrag i lokal industri.

Med helsing

SUNNHORDLAND LUFTHAVN AS


Jan Morten Myklebust
Dagleg leiar

Passasjerar på Osloruta 2015-2016



Kabinfaktor Osloruta 2015-2016

